

INNLEIING.....	2
ORGANISASJON .....	4
ORDFØRAREN .....	5
RÅDMANNEN.....	8
ØKONOMI .....	10
Vinje samanlikna med andre.....	10
Drift .....	12
Verksemda i 2007 .....	17
SAMFUNN OG LIVSKVALITET.....	21
Folketalsutvikling.....	22
Bustadbygging.....	23
Livskvalitet.....	23
SERVICE.....	25
Informasjon.....	25
Gode tenester .....	25
IKT .....	25
Tenestetorget.....	26
MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJONEN .....	27
Personalpolitikk og opplæring.....	28
Sjukefråver .....	29
Helse, miljø og sikkerheit (HMS).....	30
PLAN OG UTVIKLING.....	31
NÆRING.....	32
Næringskontoret .....	32
SKULE .....	34
Overordna mål for skulane.....	34
BARNEHAGE.....	36
Full barnehagedekning .....	36
HELSE OG OMSORG .....	38
Vinje helse .....	38
Vinje sjukeheim .....	40
Vinje heimetenester .....	41
Vinje kjøkendrift.....	42
TEKNISK DRIFT.....	43
Drift – og vedlikehald .....	43
Reinhald .....	44
Kart- og oppmåling .....	44
KULTUR.....	45
Bibliotek .....	45
Kulturskulen.....	45
Kulturhistorisk arki.....	45
VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD .....	47

---

# INNLEIING

## *Rådmannens kommentarer*

Årsmeldinga er ein del av årsrekneskapen. Den skal gje ei kort skildring av hovudaktivitetane i kommunen gjennom året. Meldinga vil òg ha ein del KOSTRA-tal som kan gje eit bilete av drifta i kommunen samanlikna med andre kommunar og landet elles.

I fjor la vi om malen for årsmeldinga og fikk mange gode tilbakemeldingar på form og innhald. Malen er vidareført i år og vi voner meldinga vil gje eit rett bilete av drifta av Vinje kommune i året som gjekk.

2007 har vore eit godt, men krevjande driftsår for Vinje kommune og kommunen har vore prega av høg aktivitet.

Tilbygget til Edland barnehage er slutført, arbeidet med idrettshallen i Rauland er sett i gang, Rauland sentrum har fått ei ny utforming og kommunen har lagt til rette for bustadbygging i Såtehovfeltet i Rauland. Den høge aktivitet i hyttebygginga held fram. Vinje kommune er nr. 2 i landet når det gjeld nybygde hytter. Dette gjer store positive ringverknader i lokalsamfunnet. Det er opna nye butikkar i Rauland og i Haukeli og det er konkrete planar for utbygging av det regionale handelssenteret i Åmot. Men hyttebygginga gjer og auka press på infrastrukturen og kommunen står framfor store investeringsoppgåver i hytteområda.

Det er eit paradoks at sjølv med så høg aktivitet i kommunen går folketalet jamt og trutt nedover. Dette er ein ei utvikling som kommunen har hatt stor fokus på. Eit godt utbygd kommunalt tenestetilbod, satsing på kultur- og fritidstilbod, nye måtar å tenke bustadbygging på, auka tilgang på landbrukseigedomar og stimulansar til nyskaping er viktige verkemiddel i dette arbeidet. Kortsiktige løysingar på denne utfordringa finnast ikkje, men det er kommunens samla satsing som på sikt vil gje resultat.

Kommunen har god skatteinngang, store inntekter frå kraftproduksjonen og større handlefridom enn mange andre kommunar. Men god kommuneøkonomi gjer og at krava og forventningane frå innbyggjarane aukar på alle område. Det er ikkje grunn til å tru at auke i økonomien vil halde fram i all tid. Kommunen må derfor vera varsam med å legge seg på et så høgt driftsnivå at det blir umogeleg å møte hardare tidar.

Dei låge straumprisane i Vinje gjer det lite lønsamt å satse på alternative energikjelder i offentlege bygg, bustader og hytter. Med meir fokus på klimaproblem og ulempene ved auka energibruk er dette eit område kommunen må arbeide med i tida framover. Kommunestyret har vedtatt å bruke 2 øre av straumprisen til eit energiøkonomiseringsfond. Dette er eit skritt i riktig retning og fondet som vil vera på om lag 2 millionar kroner blir tatt i bruk i 2008.

Kommunens organisasjon er i stadig omstilling og kommunen merker at den stramme arbeidsmarknaden gjer det tyngre å skaffe fagfolk. Dette er ei utfordring ikkje minst for kommunens lønspolitikk. Den auka aktiviteten i kommunen gjer at det ikkje er rom for færre tilsette. Auka i hyttebygginga aukar det verkelege folketalet i kommunen og vil auke etterspurnaden etter kommunale tenester på alle nivå. I til dømes påskehelga er det grunn til å tru at nær 20.000 menneske oppheld seg innan kommunens grenser.

Forbrukarrapporten har gjort to testar av servicenivået i landets kommunar. Sett under eitt blei Vinje kommune beste kommune i desse testane. Det viser at kommunen har ein organisasjon og medarbeidarar som er god på service, men det stiller og krav til at vi må ha fokus på dette i framtida. Som beste kommune vil vi alltid bli stilt på prøve og dei som bruker kommunale tenester vil ha auka forventningar til å møte god service.

Vinje kommune deltek i fleire internasjonale prosjekt og dette arbeidet gjev kommunen nyttige impulsar til å arbeide for ein nasjonal fjellpolitikk. Fjellkommunane i Noreg har problem som gjer det naudsynt å arbeide tett saman. Det er sett i gong eit omfattande planarbeid rundt Hardangervidda Nasjonalpark og dette arbeidet er vik-

tig med tanke på å legge grunnlag for ein god busetting og næringsutvikling i fjellområda. Elles deltek vi i nsjonele prosjekt innan skule, helse- og omsorgssektoren.

Utfordringane står i kø, men Vinje kommune er klar til å møte framtida!

### *Halldis Moren Vesaas 100-års jubileum*



I samband med Litteraturdagane i Vinje vart statuen "smilande benk" av Halldis Moren Vesaas avduka utanfor inngangen til kommunehuset. Statuen er laga av bilethoggar Merete Seierstad Bødker. Bilethoggaren hadde fått inspirasjon av diktet "Smilande benk."

## ORGANISASJON

Rådmann  
**Hans Kristian Lehn**



Kommunalsjef  
**Sissel Jacobsen Bitustøyl**



Plan- og økonomisjef  
**Jan Myrekrok**  
Økonomi, plan og utv.



Organisasjonssjef  
**Aud Groven**  
Organisasjon,



Tenestetorgsjef  
**Eystein Matheussen**  
Tenestetorget



Kultursjef  
**Signe Marie Kittelsaa**  
Kultur



Reinholdssjef  
**Svein Skjævesland**  
Reinhold og tekstil



Næringsjef  
**Toril Nicolaisen**  
Næringskontoret



Barnehagesjef  
**Heidi Rønningen**  
Rauland barnehage



Oppvekstsjef  
**Sindre Hestdalen**  
Øyfell oppvekstsenter



Oppvekstsjef  
**Knut Krossbakken**  
Vinje oppvekstsenter



Skulesjef  
**Per Morten Wienenga**  
Rauland skule



Skulesjef  
**Anne Margrethe Bjæen**  
Edland skule



Skulesjef  
**Anders Sandvik**  
Åmot skule



Barnehagesjef  
**Katrine Grindalen**  
Edland barnehage



Barnehagesjef  
**Gerd Lyngstad Kroken**  
Hakkespetta barnehage



Institusjonssjef  
**Kari Dalen**  
Vinje sjukeheim



Omsorgssjef  
**Anne Oddny Foldøy**  
Vinje heimetenester



Helsesjef  
**Jan Petter Johansen**  
Vinje helse



Kjøkensjef  
**Torgrim Thomassen**  
Vinje kjøkendrift



Teknisk sjef  
**John Kleiv**  
Teknisk drift og vedlikehold

# ORDFØRAREN

## DET POLITISKE ÅRET

I september 2007 var det val til kommunestyre og fylkesting. Dette prega sjølvstekt den politiske situasjonen i Vinje òg. Valet resulterte i at SV og Sp gjekk fram med eitt mandat kvar, og overtok såleis dei to mandata som Bygdelista hadde hatt. KrF gjekk fram frå ein til to representantar, og Høgre gjekk tilsvarende attende. Arbeidarpartiet og Framstegspartiet fekk uendra representasjon i høve til valresultatet fire år før.

13 av 25 kommunestyremedlemmer er nye som faste representantar. 12 er kvende og for fyrste gong er dei somaliske innbyggjarane våre representerte.

Valet førte til at konstellasjonen frå den førre perioden held fram, med same ordførar og varaordførar. Den politiske strukturen blei likevel endra etter valet. I samsvar med vedtak gjort av det førre kommunestyret, overtok formannskapet ansvaret for næringsarbeidet og det tidlegare Nærings- og prosjektutvalet blei lagt ned. Vidare blei Grønt utval og Planutvalet slegne i hop til Plan- og miljøutvalet, og komité 1 og 2 blei erstatta av Utval for velferd og oppvekst. Prinsippet om gjennomgåande representasjon er gjennomført i langt større grad enn før – dvs at dei fleste faste medlemmane av utvala også har plass i kommunestyret.

Jamvel om politikarane i kommunestyret representerer heile det partipolitiske spennet frå Frp til SV, er det mogleg å definere nokre overordna felles mål. Det viktigaste er å snu den negative folketalutviklinga ved å utvikle vidare dei sterke kvalitetane som finst i denne kommunen, som er så rik på areal og kultur, på naturressursar og menneskelege ressursar.

Det fylgjande er i stikkordsform nokre saksfelt som er sentrale for kommunestyret og den politiske leiinga, omtala tematisk, ikkje kronologisk. Sume saker er òg omtala under andre kapittel i årsmeldinga.

### **Kraftpolitikk**

- I felles kraftutval for Vinje og Tokke representerte ordførar Arne Vinje, varaordførar Aslak Ofte og Børre Rønningen Vinje kommune før valet. Etter valet gjekk Jorunn Hestmann inn i utvalet i staden for Aslak Ofte. Utvalet har arbeidd med fleire av sakene nedanfor.
- Børre Rønningen blei attvald som leiar for to nye år i Landsamansluttinga av vassdragskommunar (LVK).
- Tingingane mellom 8 kommunar i Øvre Telemark og Telemark fylkeskommune om fordelinga av konsesjonskraftverdiane heldt fram i 2007. Ved utgangen av året såg partane ut til å nærme seg ei løysing. Ordførar Arne Vinje har vori med i tingingane for kommunane.
- Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) opna for vilkårsrevisjon av Tokke-konsesjonen på grunnlag av dokumentasjonen frå Tokke og Vinje. Prosessen vidare blir organisert som eit samarbeid mellom konsesjonæren Statkraft og kommunane.
- Heller ikkje i 2007 gjorde NVE seg ferdig med innstillinga om søknaden frå Øst-Telemarkens Brukseierforening om ny konsesjon for reguleringa av Møsvatn.
- Som ein del av budsjettvedtaket sette kommunestyret av nærare 2 millionar kroner til eit energifond til støtte for alternativ energi og energisparing i Vinje. Fondet skal brukast etter retningslinene i ein energi- og miljøplan som skal vedtakast i 2008, og blir finansiert ved eit påslag på 2 øre/kWh på straumprisen, tilsvarende nivået året før. Det var svært få kommunar i landet som hadde ein lågare straumpris enn Vinje i 2007.

---

## Samferdsel og kommunikasjon

- Kommunestyret slutta seg til planen om brukarfinansiert utbygging av strekningar på E134 og rv36. Telemark fylkeskommune og kommunane langs stamvegane skipar eit finansieringsselskap som gjer det mogleg å gjennomføre viktige tiltak for å auke vegstandarden, utanom rammene for Nasjonal transportplan (NTP).
- Statens vegvesen, region Vest, gjorde ferdig konseptvalutgreiinga for heilt nye tunnelar mellom Ulevå og Røldal, og Røldal og Seljestad. Utgreiinga gjev ei svært positiv vurdering av dette prosjektet, og har dermed skapt eit godt grunnlag for å få nye haukelitunnelar inn i NTP for den komande perioden. Ordførar Arne Vinje har representert Vinje kommune i referansegruppa.
- Kommunen har pressa på for at Telemark fylkeskommune og Statens vegvesen skal prioritere dekkelegging av fylkesvegane, særleg i Øyfjell. Strekinga Øyfjell – Straume (fv801) fekk nytt dekke sommaren 2007; på strekinga Øyfjell – Hylland (fv854) blir det oppstart i 2008.
- Kommunestyret innleidde ein offensiv for å byggje ut gang- og sykkelvegane i kommunen ved å løyve 2 millionar kroner årleg i fire år til dette føremålet. Prioriteringa blir lagt gjennom trafikksikringsplanen som skal vedtakast i 2008.
- I samband med rulleringa av NTP er også arbeidet med høgfartsbanen inne i ein avgjerande fase. Kommunestyret markerte sterk tru på planane og gjennomføringsevna til Norsk Bane AS ved å løyve ein million kroner i samband med ein aksjeemisjon i selskapet hausten 2007. Vinje kommune er no ein av dei største eigarane i Norsk Bane.
- Utbygginga av breiband har haldi fram som eit samarbeid mellom staten og Vest-Telemarkregionen. 1. juli 2007 hadde 95 % av husstandane i Vinje tilbod om mobilt breiband eller fast aksess (ADSL eller fiber). Prognosane no er at alle skal ha dette tilbodet ved utgangen av 2008, av desse 99 % gjennom fast aksess.

## Fjellregion- og distriktpolitikk

- Vinje kommune er med i arbeid på tre nivå for å fremme interessene til kommunar i det som blir kalla «fjellregionen»: samarbeidet mellom Vinje og Tinn, det sømorske fjellregionsamarbeidet og den europeiske organisasjonen *Euromontana*. Men kommunen har òg sitt eige bygdeutviklingsprosjekt, *Øyfjell City*, som starta i 2006 og varar ut 2009. Prosjektet tek sikte på å prøve ut tiltak på bygdenivå som gratis barnehage, prøvebustad og store tomter, for seinare å kunne byggje dei ut til kommunenivå dersom røynslene er gode. *Øyfjell City* er òg tufta på stor, sjølvstendig innsats, entusiasme og skaparkraft frå lokalsamfunnet.
- Prosjektet *Hyttefolk* er sett i gang med støtte frå staten og Telemark fylkeskommune. Føremålet er å styrkje samhandlinga mellom fastbuande og hyttefolk i heile Tinn og i Øyfjell, for å vidareutvikle lokalt nærings- og kulturliv.
- I fjellregionsamarbeidet mellom Tinn og Vinje er det ikkje komi til noko nytt prosjekt innafor Interreg-programmet til EU/EØS etter at Mopark-prosjektet blei avslutta i 2006. Etter vedtak i kommunestyra i 2007 er dei to kommunane no med på å finansiere eit omfattande formidlingstiltak knytt til Villreinsenteret Sør, som blei etablert i bygningen til Hardangerviddasenteret på Skinnarbu i 2007. Villreinsenteret Nord blei oppretta på Dovre.
- I april 2007 var oppstartsmøtet for ny fylkesdelplan for Hardangervidda. Planen omfattar tre fylkeskommunar og ni kommunar, av dei Vinje og Tinn i Telemark. Oppgåva er å leggje retningsliner for næringsdrift, samfunnsutvikling og ein berekraftig bruk av randområda kring Vidda, med spesielt omsyn til leveområda for villreinen. Ordførar Arne Vinje er med i styringsgruppa og arbeidsutvalet for planprosessen.
- Vinje har søkt og fått status som *nasjonalparkkommune*, noko som særleg reiselivsnæringa venteleg vil ha store føremonar av.

- Miljøvernminister Helen Bjørnøy deltok saman med representantar for DN på eit dialogmøte med lokalpolitikarar og grunneigarar på Rauland i februar. Temaet var konflikter mellom lokale interesser og sentrale styresmakter både på Hardangervidda og i samband med forvaltningsplanen for Brattefjell-Vindeggen.
- I februar deltok statssekretæran Ola T. Heggem (LMD) og Guri Størvold (KRD) på eit seminar som Vinje kommune arrangerte om mål og middel i busetjingspolitikken. Innspela frå seminaret blei fylgde opp i regjeringas arbeid med endringar i odels- og konsesjonslovgjevinga.
- *Det sørnorske fjellregionsamarbeidet* hadde årsmøte på Rauland i januar. Medlemer i samarbeidet er fem fylkeskommunar (Buskerud, Telemark, Hedmark, Oppland og Sogn og Fjordane) og ei rekkje kommunar. Organisasjonen er ein pådrivar for utviklinga av ein pliktande og målretta fjellregionpolitikk. Ordførar Arne Vinje er med i arbeidsutvalet.
- Ordførar Arne Vinje blei òg vald inn i landsstyret for Utmarkskommunenenes sammenslutning (USS).
- Vinje kommune var arrangør for eit fråflyttingsseminar i juni for heile Vest-Telemark med forskarar frå NIBR.

### Andre saker

- *Hundreårsjubileet for Haldis Moren Vesaas* blei feira gjennom heile 2007, med hovudmarkeringa i Vinje i september, Skjæraasendagane i Trysil i oktober og festframsyninga i Oslo i november som høgdepunkta. Ein vakker skulptur utanfor kommunehuset i Åmot er eit varig minne om ei svært vellykka feiring.
- I juni sende Direktoratet for naturforvaltning (DN) ut høringsframlegget sitt *om ny lov om motorisert ferdsle i utmark*. Dersom Stortinget vedtek dette framlegget, vil opplegget med faste løyper for fritidskøyring som har vori praktisert av Vinje kommune gjennom ei forsøksordning frå 2002, bli ulovleg. Kommunestyret vedtok ei høringsuttale som åtvare sterkt mot eit slikt vedtak.
- På nyåret 2007 var det klart at det TESS-eigde *Nemek* var konkurs. Vinje kommune hadde òg ein aksjepost, og engasjerte seg i arbeidet med å berje fabrikken og arbeidsplassane. Etter ein lang og omfattande prosess blei Nemek kjøpt opp av selskapet Qmatec, som vidarefører produksjonen av høgteknologiske boreriggjar ved ei av dei største verksemdene i kommunen. Vinje kommune har ikkje eigarinteresser i selskapet.
- Kommunestyret vedtok i september ei avtale om å leggje til rettes for ei større utbygging av *Fristadsenteret*, m.a. gjennom ein ny reguleringsplan for Åmothaugen. Avtala har utløyst ein brei og omfattande prosess mellom kommunen og fleire næringslivsaktørar i Åmot. Den nye reguleringsplanen skal vera ferdig i august 2008.



## RÅDMANNEN

Rådmannsteamet har den overordna leiinga av einingane. Rådmannsteamet består av rådmann og ein kommunalsjef. Både har rådmannsmynde ovanfor einingane. Dei driv utviklingsarbeid og samordningsoppgåver på tvers av einingane. Toppleiinga arbeider som eit team og framstår som einskapleg leiing i høve til resten av kommuneadministrasjonen og det politiske nivå.

### *Samfunn*

NAV Vinje blei opna i desember 2007 og det blei arbeidd med ny driftsavtale med NAV Telemark.

Rådmannsteamet har teke initiativet til å få Vinje kommune med i skulematprosjektet og fått full-finansiert skulemat for alle skulane i Vinje eitt skuleår.

Det har vore arbeidd med å få til næringsutvikling og varig busetting knytt til skulen på Hovden. Arbeidet er ennå ikkje ferdig.

NVE har vedteke å opne revisjonssaka i Tokke ó Vinje vassdraget. Forhandlingane om fornying av konsesjonskraftavtalene har pågått i 2007, men det er ennå ikkje kome noko endeleg resultat av det. Møsvasskonsesjonen er heller ikkje endeleg handsama. Kraftsakene tar mykje tid for kommunen og sakshandsaminga på statleg side vert opplevd som sers treig.

Rådmannsteamet har teke initiativet til å få Karrieresenteret til Vinje. Det blei opna i 2007 og er knytt til NAV Vinje.

Arbeidet med dei vanskelege forhandlingane rundt Rauland Skiarena og gjennomføringa av avtalane er slutført.

Gjennom Vest-Telemarkrådet og rådmannsutvalet er det arbeid med å greie ut nye interkommunale tiltak slik som felles feiarordning, felles dataløysingar, felles alkoholpolitikk og med å skape ein felles plattform for initiativ overfor fylkeskommunale og statlege mynde.

Vinje kommune stod som arrangør for eit stor flytteseminar for heile Vest -Telemark med forskarar frå NIBR (Norsk institutt for by- og regionforskning) som innleiarar.

Det er sett i gang stort arbeid med kartlegging av omsorgbustader i kommunen. I tillegg er RO (Ressurssenter for omsorg) bedt om å evaluering heile omsorgstenesta i Vinje i byrjinga av 2008.

### *Informasjon og service*

I Forbrukarrapportens test av servicenivået i kommunane var Vinje kommune einaste kommune i landet som hadde blitt betre enn nr. 10 etter to undersøkingar. Nye heimesider for Vinje kommune blei opna hausten 2007 og dei er ein god arena for dialog og informasjon til innbyggjarane, pressa og andre lokale, regionale og statlege myndigheiter.

Blaamann er vidareutvikla som ein informasjonsavis for innbyggjarane og er sendt alle som eig hytte i Vinje kommune. Årsmeldinga for 2006 fekk ei ny mal og betre utforming.

### *Oppfylging av einingane*

Rådmannsteamet har årlege medarbeidarsamtaler med einingsleiarane. Det er halde månadlege leiarmøte og leiarsamlingar 2 gonger i året. Leiarsamlinga på hausten var 2 dagar med mediatrening med informasjonsdirektør Richard Kongsteien.

Det har vore tilsetting av ny helsesjef då sittande sjef blei tilsett som NAV leiar i kommunen.

Det er òg sett i gang eit stort arbeid med seniorpolitikk i kommunen, som skal til politisk handsaming i 2008.

Kommunalsjef har vore prosjektansvarlege for fleire store prosjekt blant anna skulemat og andre nasjonale prosjekt innan omsorg.

Nokre einingar har fått hjelp av rådmannsteamet i oppfylging av vanskelege saker.



### *Mål for 2007*

### *Måloppnåing 2007*

Ferdigstille overordna kommuneplan	Planen blei vedteken tatt i kommunestyret 6. september 2007
Fylgje regiondebatten	Regionreforma er sterkt utvatna og er ikkje lenger noko aktuelt tema
Utarbeide konkrete strategiar for å auke busettinga	Det er lagt fram ei sak om buplikt og måtar å auke busettinga å på nedlagde bruk. Vinje har arrangert eit flytteseinar for heile VT. Og samarbeider om felles profilering med bygdlevismeklaren i VT
Vidareutvikle dialogmøta	Forma på møta blei lagt om i 2007. Betre røynsler med dette. Møta blir vidareutvikla i 2008
Legge til rette for opplæring av dei nye folkevalde	Det blei gjennomført to opplæringsdagar med orienteringar frå alle einingane, og innanfor regelverket. Dette held fram i 2008.
Arbeide for å få karrieresenteret til Vinje	Karrieresenteret blei lagt til Vinje og samlokalisera med NAV Vinje.
Strategi for utnytting av kommunale bustader.	Det er laga ei politisk sak om dette. Arbeidet held fram.
Arbeida vidare med fornybar energi	Det er sett i gang arbeid med ein energiplan for Vinje kommune
Sal av Møsstrond skule	Kontraktane var på plass, men nye eigarar måtte trekkje seg grunna sjukdom
Gje ei ny vurdering av prispolitikken gjennom særavtala.	Er ikkje gjort, men vil bli gjort i 2008
Fylgje opp NAV reforma	NAV er etablert og det er tilsatt NAV sjef i samarbeid med NAV Telemark
Gjennomføre 360 graders leiarevaluering	Ikkje gjennomført, men blir gjort våren 2008

## ØKONOMI

### Vinje samanlikna med andre

#### KOSTRA

Statistisk sentralbyrå (SSB) har utarbeidd eit nasjonalt system for å hente statistikk som kan brukast til å samanlikne kommunar direkte. Systemet blir kalla KOSTRA. I dette kapitlet blir det gjeve eit oversyn over ulike område der ein kan samanlikne Vinje med a) gjennomsnittet i Telemark, b) ei gruppe av 35 kommunar som har same type geografi og folkesetnad som Vinje og c) landet i det heile (utanom Oslo). KOSTRA seier berre i nokon grad noko om kvaliteten på dei kommunale tenestene, men mest om korleis produktivitet, prioriteringar og dekningsgrader fordelar seg. Avslutningsvis gjev vi nokre vurderingar av samanlikningane.

Kommunen har gjennom mange år rapportert til SSB på ulike fagområde. I KOSTRA er desse data samanstillt med rekneskapen. Som ved all statistikk kan det vera feil i materialet, men informasjonen er likevel god nok til å gje eit bilete på korleis vi ligg i høve til andre. Alle tal er førebels tal frå SSB.


#### Presentasjon av nokre nøkkeltal på ulike område

KOSTRA-materialet er omfattande, med fleire detaljeringsnivå. I dette avsnittet blir det presentert nokre nøkkeltal for dei ulike kommunale tenesteområda.

#### Finansielle nøkkeltal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Brutto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	5,5	3,4	0,1	1,4
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar	83 101	66 354	51 209	48 750
Statleg rammeoverføring i % av brutto driftsinntekt	9,2	23,6	20,4	19,6
Langsiktig gjeld i % av inntekter	124,6	171,8	185,3	169,0
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	34,2	22,8	42,6	26,3
Netto driftsresultat i kr. per innbyggjar	10 625	1 567	1 978	973

Samansetjing av inntekter 2007 - prosentvis andel




Vinje har ei markert anna samansetjing av inntektene enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Det statlege rammetilskotet er lite, målt som del av totalen, medan "Inntektsskatt" og "Eigedomsskatt" utgjør relativt meir for Vinjes del enn for andre samanliknbare kommunar. Tala syner òg at delar av kommunens kraftinntekter indirekte kjem andre kommunar til gode ved at Vinje får ein mindre del av statlege overføringar.

Systemet med rammeoverføringar frå staten tener to funksjonar: Den eine er å utgiftsutjamne, dvs tilføre kommunane inntekter i høve til ulike behov som til dømes folketal, alderssamansetnad osv. Den andre er å utjamne skatteinntekter. Den nasjonale inntektsutjammingspotten blir tildelt kommunar med låge eller gjennomsnittlege skatteinntekter pr innbyggjar, medan kommunar med dei aller største skatteinntektene, slik som Vinje, blir trekte for å gjera inntektsutjammingspotten større. Vinje kommune har skatteinntekter som ligg på 137,6% av landsgjennomsnittet, mot 155,5 % i 2006. Dette er høgast i Telemark og på 8. plass på landsbasis (8. i fjor), men likevel langt unna nabokommunen Bykle som i 2007 fekk 340,1% av landsgjennomsnittet.

### Prioritering av oppgåver.

Årsmeldinga syner at kommunen har eit godt servicetilbod på nær sagt alle felt i høve til andre. Likevel er det interessant korleis kommunar prioriterer dei ulike sektorane i høve til kvarandre, og å sjå utviklinga frå førre årsmelding.



Vinje skil seg særleg ut på eit par område. Det er "Kommunehelse," der Vinje brukar 6,7% og på "grunnskule" isolert der Vinje brukar 19,7%, og snittet i dei andre kategoriane er 2,2%. Forklaringa er at ein stor del av kraftinntektene i Vinje blir nytta til næringsformål. Dette er inntekter dei fleste andre kommunane ikkje har, og dei har derfor ikkje eit økonomisk grunnlag for så omfattande aktivitet og ei godt utbygd og desentralisert helsete-neste. Eit anna moment å leggje vekt på når det gjeld ressursbruken, er at kommunen på fleire område yter te-

nester til langt fleire enn eigne innbyggjarar, pga reiseliv og hyttegjester. Fellesutgifter og administrasjon er redusert med 3,3 prosentpoeng siste to åra. Under "Anna" finn ein tenester som bustader, planlegging, kulturminne, natur, nærmiljø, brann og ulukkesvern. Høge driftskostnader på vatn, avløp og fysisk planlegging er medverkande årsaker til at Vinje ligg høgt her.


**Ut frå KOSTRA-tala kan ein i korte trekk oppsummere stoda slik:**

Tenestetilbodet i Vinje er framleis godt, og på mange måtar ressurskrevjande i høve til andre kommunar. At ressursbruken er såpass høg på ein del område, må ein sjå i samanheng med at det er valt ein desentralisert struktur på fleire område. Brukarbetaling på VAR-tenestene (vatn, avløp og renovasjon) er ikkje lenger lågare enn i kommunar flest, og ein kan merkje seg at Vinje brukar mindre på samferdsel enn tilsvarende kommunar. Likevel ser ein at det skjer endringar i takt med svingingar i kommuneøkonomien, og at skilnadene på mange område blir mindre enn dei har vore tidlegare.


**Drift**

Kommunens sentrale økonomifunksjon ligg i støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Her ligg budsjett, rekneskap, lønn og skatteoppkrevjaransvaret saman med anna økonomiforvaltning som innkjøp og forsikring.

Vinje kommune har dei siste fire åra hatt ei stabilt god drift med jamn betring i prosentvis overskot, og relativt stabile netto driftskostnader. Kommunen må ha eit netto driftsresultat over tid på minst 3% for å gå i balanse. Dette kjem av at resultatomgrepet ikkje fangar opp alle kostnader slik det langt på veg gjer i privat sektor. Dei fulle kostnadene ved slitasje og verdireduksjon på bygningar, inventar, maskiner osb er ikkje trekte frå når netto driftsresultat blir utrekna – berre avdraga på låna. Utviklinga i netto driftsresultat dei siste fire åra går fram av figuren under. Berre i 2004 var ein under den tilrådde grensa på 3%.




Figuren under syner korleis utgiftene fordelar seg mellom dei ulike hovudgruppene innan innsatsfaktorane i tenesteproduksjonen.



Figuren syner at løn og sosiale utgifter gjorde eit sprang oppover, trass i gjeninnføring av differensiert arbeidsgjevaravgift. Utgiftene til varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen har auka, medan overføringar er redusert.

Oppunder 2/3 av driftsbudsjettet er bunde opp i løn og sosiale utgifter. Dei sosiale utgiftene er i underkant av 36 millionar. Dei reine lønsutgiftene har stige over 2004-nivå, ettersom lønsnivået i offentlig sektor har auka mykje i det seinare. Målet om redusert årsverksinnsats ser ein att her.



## Gjeld


Oppgangen i marknadsrentene, saman med auka opplåning, gjev seg utslag i renteutgiftene som auka med 1,752 mill. Avdrag syner òg ein svak auke på 220 tusen til 4,124 mill. Den langsiktige lånegjelda (td. pensjonsforpliktelsar) auka òg siste året. Oversikta framover inkluderer budsjetterte og vedtekne, men ikkje gjennomførte, låneopptak.

Gjeldssituasjonen ved utgangen av året (1000 kr.)				
2007	2008	2009	2010	2011
97 122	124 832	157 803	159 111	151 934

Vinje kommune hadde ved utgangen av 2007 ei netto lånegjeld på kr 21.493 per innbygger. Betalte avdrag utgjorde 1.137,- per innbygger.


## Likviditet

Vinje kommune betra likviditetssituasjon monaleg i 2007 samanlikna med dei tre føregåande åra. Skatteinngangen frå november saman med innbetalinga av konsesjonsavgifter i slutten av desember gjer vanlegvis denne månaden til den gunstigaste kvart år. Kommunen har i gjennomsnitt hatt 41 millionar meir innestående på konto til ei kvar tid, samanlikna med 2006. Hausten er vanlegvis den tida på året då det er minst å rutte med i kommunekassa, men hausten dei to siste åra har vore merkbar betre enn kva ein tidlegare har vore vane med. Figuren under gjev eit bilete på situasjonen siste dato i kvar måned dei siste fire åra:




### Investeringane

Vinje kommune hadde i 2007 det klart høgste investeringsnivået på fire år. Figuren under syner finansieringsbehovet i kapitalrekneskapen siste fire år.




Bryt ein finansieringsbehovet i kapitalrekneskapen opp i hovudtal, ser ein at brutto investeringsutgifter ikkje overraskande er dominerande. Auken i avsetningar skriv seg hovudsakleg frå anleggsbidrag. Figuren under illustrerer dette.




### Balansen

Tabellen nedanfor syner at omløpsmidlanes del av dei samla aktiva i kommunen aukar for fjerde året på rad.



### Fondsmidler

Figuren under syner utvikling og status i fonda til kommunen til og med rekneskapsåret 2007. I figuren er det òg gjeve ei prognose for utviklinga framover basert på rekneskapsresultatet og økonomiplanen for 2008 – 2011.



### Forvaltning av overskotslikviditet

Det er ingen aktiv forvaltning av kommunens overskotslikviditet. Alle midlane har stått på konti i DnBNor gjennom heile kalenderåret. Kommunen deltok på felles anbodskonkurranse om ny bankavtale saman med Buskerud, Telemark og Vestfold fylkeskommunar og fekk monaleg betring i innskotsvilkåra, samt rimelegare konto-hald.

---

## *Verksemda i 2007*

### *Investeringar*

Det blei investert for **43,5 millionar** i anleggsmidlar i 2007 mot 32,1 millionar året før. I tillegg hadde kommunen aksjekjøp og utlån for 31,9 mill. som hovudsakleg gjeld lån til VTK og aksjekjøp Norsk Bane. Det er betala i underkant av 130.000 kr. i avdrag på etablerings-/startlån, og det er gjort avsetjingar av unyttta investeringar og innkomne anleggsbidrag med 18,6 mill. Samla er det såleis brukt 94,17 mill. i følge kapitalrekneskapen for 2007. Tilsvarende tal i fjor var 52,6 mill.

Rekneskapen dominerast av mange mindre prosjekt, men av dei større investeringane kan ein nemne høgdebasseng Oksatjønn 3,87 mill., kommunale vegar 4,2 mill. og rassikring Bratlandsfeltet med 6,2 mill.

Investeringsrekneskapen kjem ut med eit samla **overskot** på **kr. 4.243.472,-** i 2007.

### *Kommunal drift*

Kommunen har eit brutto overskot på 17,839 mill. i 2007. resultateiningane gjekk med eit meirforbruk på 4,361 mill, slik at driftsresultatet vart kr. 13.477.361. Neste tabell syner korleis driftsresultat er samansett og fordelt på resultateiningar, kraftinntekter og andre postar.



Men

**Fordeling av driftsresultat 2007**

Eining:	Overskot		Underskot	
	2007	2006	2007	2006
Rådmannen	599 351	461 705		
Økonomi, plan og utvikling	518 628	958 979		
Organisasjon, arkiv og IKT			21 923	62 043
Tenestetorget			1 052 778	331 396
Rauland skule	52 822	719 855		
Åmot skule		186 010	522 168	
Edland skule		460 036	486 780	
Øyfjell oppvekst	431 472	293 412		
Vinje oppvekst		63 504	36 987	
Hakkespetta barnehage	236 497	375 510		
Rauland barnehage	298 621	454 359		
Edland barnehage	142 140			38 920
Vinje sjukeheim			569 912	655 764
Vinje heimetenester			1 593 910	581 316
Vinje helse og sosial			4 205 276	123 097
Kultur	1 277 605	825 868		
Vinje kjøkendrift	198 655	718 761		
Teknisk drift og vedlikehald			695 632	351 617
Vinje reinhald og tekstil	737 223	731 168		
Vinje næringskontor	330 624	723 878		
<b>Sum einingar</b>	<b>4 823 638</b>	<b>6 973 045</b>	<b>9 185366</b>	<b>2 144 153</b>
Overført frå drift til investering	7 781 818	0		
MVA Refusjon investering	2 958 151	114 487		
Kraftinntekter	1 614 994	325 659		
Buffer	528 197	378 534		
Skatt og statstilskot	3 336 812	10 565 000		
Renter og avdrag m.m.	1 619 114	987 193		
Avsett/bruk av fond m.m.		67 889		
<b>Sum andre driftsutg./inntekter</b>	<b>17 839 089</b>	<b>12 438 762</b>		
Reknesk.res. einingane	-4 361 728	4 828 892		
Reknesk.res. utanom einingane	17 839 089	12 438 762		
<b>Samla rekneskapsresultat</b>	<b>13 477 361</b>	<b>17 267 654</b>		

Rekneskapsresultatet syner at 11 av kommunens 20 einingar gjeikk med overskot i 2007. Budsjettresultatet samla for einingane gav eit underskot på vel 4,361 mill., medan det samla overskotet for einingane var 4.828 mill. i 2006. Når det gjeld rådmannsteamet kjem kr. 67.000 av overskotet frå buffer for gjesteelevar og elevar med særlege behov. Det blir ikkje gjort framlegg om å løyve desse midlane oppatt.

Ein må likevel vere klår over at resultatet, som kjem fram i rekneskapsrapporten for den einskilde eininga, inneheld det einingane har fått med seg av overskot og underskot frå tidlegare år. Rekneskapsresultatet gjev såleis ikkje utan vidare uttrykk for resultatet av "fjorårets drift". Ei eining som t.d. har store overskot kan ha samla opp dette gjennom fleire år.

Det må spesielt merkast at for Tenestetorget og Økonomi, Plan og Utvikling har reglane om sjølvkost medført avsetnad til og tilbakeføring frå øyremerka fond for byggjesakshandsaming og kart og oppmåling. Desse føringane er gjennomførte før overskot/underskot er rekna ut.

Driftsresultatet utanom einingane gav eit overskot på om lag 17,8 mill. Dette kjem mykje av at 7,8 mill. som var avsett til overføring til kapitalrekneskapsrapporten, ikkje vart bruka.

### ***Økonomisk styring – budsjettavvik***

Budsjettresultatet i einingane er samla sett svekka med over 2 mill. frå 2006 til 2007. Nokre kommentarar til dei største avvika og endringane:

#### ***Tenestetorget:***

Eininga har eit akkumulert overforbruk på om lag 1 mill. Halvparten av dette skuldast sjølvkostavsetjing av byggesaksgebyr. Eininga drog òg med seg eit meirforbruk frå 2006 med 331.000. Rammene til Tenestetorget vil ein måtte sjå nærare på i samband med budsjettarbeidet for 2009.

#### ***Edland skule:***

Eininga har hatt eit meirforbruk på 487.000 i høve til budsjettet. Det har vore arbeid med uteområdet ved skulen, noko som har drege ekstra ressursar. 200.000 av meir får ein att i form av spelemidlar i 2008. Det har òg vore kjøpt inn elevpc'ar og anna IKT-materiell for å kunne gjennomføre eksamen for 10. klasse, samt gjennomført andre personalmessige tiltak i eininga.

#### ***Åmot skule:***

Budsjettbalanse og nullresultat økonomisk var målet, men dette sprakk. To uføresette saker førte til underskot på om lag 500.000. Berekna inntekter vart ca 400.000 under budsjettet, og avrekning av pensjonsavsetningsfond var for låg. Dette fekk ingen innverknad på planlagt drift og skal kunne dekkast inn på neste budsjett.

#### ***Vinje sjukeheim:***

Sjukeheimen har heller ikkje i år klart å halde ramma. Underskotet vart på 570 000 og skuldast auka lønsutgifter grunna sjukefråver, og innleige av ekstra personell knytt til overbelegg, ekstra behov på natt og terminalpleie.

#### ***Vinje heimetenester:***

Vinje heimetenester har òg i 2007 hatt underskot på drift. Det har vore store lønsutgifter i høve ekstratiltak i avdeling for funksjonshemma. Noko av dette får kommunen refundert frå staten i høve omgrepet "ressurskrevjande brukarar" på etterskot i 2008. Det har òg vore mange sjukemeldingar og vanskeleg å få dekt opp vaktene – då særleg i helgane. Dette har ført til overtid og dyre løysingar. Det er sett inn ekstra ressursar i Øvre Vinje på Nordheimstunet, då der har vore tunge og pleietrengjande brukarar og mykje sjukemeldingar blant personalet.

I følge styringsdokumentet/lovverket skal alle brukarane i Vinje ha rett til tenester ut frå behov og fagleg ansvarlegheit - uavhengig av alder og geografi.

Det er kjøpt inn nye garderobereskåp på Rauland, bytt ut snøfresaren til vaktmeistaren og bytt ut tryggleiksalarmar i heile eininga. Det har og vorte bruka ekstra ressursar i høve merkantile oppgåver å ivareta oppgåvene som ligg til konsulentane

### ***Helse og sosial:***

Eininga har i 2007 hatt budsjettansvaret for sosial- og barneverntenesta. Både desse er underfinansiert. Helse-tenestene er i budsjettmessig balanse.

### ***Teknisk drift og vedlikehald:***

Kraftlaga har fakturert fem terminar på mange bygg i 2007. Dette inneber ei ekstra utgift 1,2 mill. i følge årsmeldinga frå Teknisk drift og vedlikehald. I dette ligg mykje av forklaringa av meirforbruket.




*Barn og unge er ivrige og dyktige deltakarar på snøformingsfestivalen som vert arrangert kvart år i februar.*

## SAMFUNN OG LIVSKVALITET

### Syssetjing:

Det er for tida høg syssetting i heile landet og i Vinje er arbeidsløysa registrert til 1,1 den siste månaden i desember.




Syssettinga innan industri, bygg/anlegg og offentleg/privat sektor er dei sektorane som aukar mest i Vinje. Det har og vore ei auka i tal på personar i yrkesaktivsaldar (16-74 år). Dette kan ha ein samanheng med lågare arbeidsløyse.

### Tal på syssetting i Vinje (16-74 år)


	2003	2004	2005	2006
Jord, skogbruk og fiske	150	145	141	146
Industri og bergverk	159	161	158	200
Kraft og vassforsyning	52	54	53	50
Bygg- og anleggsverksemd	275	284	281	285
Varehandel, hotell og restaurantverksemd	289	313	314	302
Transport og kommunikasjon	108	113	112	115
Finansiell tenesteyting	19	19	16	14
Forretningsmessig tenesteyting, eigedomsdrift	52	41	47	58
Offentleg og privat tenesteyting	788	791	800	811
Uoppgitt	10	9	17	19
TOTALT	1902	1930	1939	2000


## Folketalsutvikling

Det er nedgang i folketalet frå seiste året med 44 personar i flg statistikk frå SSB (1/1-2008).



Når ein legg til grunn fødselsunderskot og at tilflyttinga er lågare enn utflyttinga, syner tala seg å vera litt hø-gare.






### Bustadbygging

Det er sett i gang bygging av 22 bustader i kommunen. Dette er den største utbygginga ein kan minnes i kommunen.

I nye Såtehovsfeltet på Rauland er det ledig 1 tomt. I Åmot er det ledig 6 tomter i Juvbakk, 1 i Øvre Drotning og 2 i Nedre Drotning. I Slobrekfeltet på Edland blei det lagt ut 6 nye tomter i 2007 og alt i alt er det 12 ledige tomter der.

På Rauland er ein i gong med å kartleggje nytt kommunalt bustadfelt.



### Livskvalitet

Å måle livskvalitet er vanskeleg, men SSB har fleire ulike måleindikatorar på livskvalitet. Vinje har låg arbeidsløyse, lågt sjukefråver, låg kriminalitet og få personar på stønader. Dette kan vera indikatorar som normalt fortel ein del om livskvaliteten til folk.

Det er ein utvikling i at fleire barn nyttar barnehagane og at fleire 1 åringar har plass enn tidlegare. Gjennomsnittleg stønadslengde på sosialstønad har gått ned frå 5,6 mnd til 4,8 mnd. Netto driftsutgifter pr innbyggjar på kultursektoren har gått ned frå 3660 til 3126 som i nokon grad skyldast nedbemanning i eininga.

*Nokre statistikkar frå SSB på kvalitetsindikatorar i 2007*

	<i>Vinje</i>	<i>Telemark</i>	<i>Landet</i>
Tal på barn 1-5 år med barnehageplass	89,1 %	85,5 %	84,2 %
Tal på barn med barnehageplass 3-5 år	98,2 %	95,9 %	94,3 %
Tal på plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar	100%	93,9 %	91,8 %
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	39,42	37,38	34,22
Gjennomsnittleg stønadslengde på sosialhjelp	4,8 mnd	4,2 mnd	4,2 mnd
Alder på kommuneplanens arealdel	4 år	3 år	4 år
Alder på kommuneplanens samfunnsdel	0 år	3 år	5 år
Snitt på sakshandsamingstid for byggjesaker	25 dgr	45 dgr	35 dgr
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar på kultursektoren	3126 kr	1689 kr	1464 kr



*Fornøgde bakarar i Edland barnehage*

---

## **SERVICE**

Vinje kommune har gjennom fleire år satsa på service. Dette året fekk kommunen atter ein gang utteljing for dette. Forbrukarrådet og Forbrukarrapporten har for andre gong vurdert servicen i alle landets kommunar. Vinje kommune var den einaste kommunen som i både målingane blei betre enn nr. 10. I tillegg til at vi blei årets servicekommune i 2005 er dette gode stadfestingar på at vi er på rett veg.

### **Informasjon**

Ein kommune kan aldri bli god nok på informasjon. I 2007 har vi fått ny og betre heimeside, der ein òg kan lytte til direkte overføring av kommunestyre uansett kor ein befinner seg eller ein kan inn å lytte på einskildsaker i ettertid. Hakkespetta og Edland barnehage har òg utvikla eigne heimesider som link til kommuns side.

Etter ei prøveordning med utsending av Vinje kommunes informasjonsavis Blaamann til alle hytteeigarane, er det over 200 som ynskjer å få den fast tilsendt etter prøveordninga.

Godt tilhøve til media er viktig. Media bør vera ein samarbeidspartnar for kommunane. Leiargruppa har difor vore på eit to dagars kurs i mediatrening.

### **Gode tenester**

Tenestene som ein kommune leverer er mange og varierte. Barnehage- og skuletilbod, helsetenester, eldreomsorg, renovasjon og kloakk, vegvedlikehald, mat til heimebuande, hjelp til næringsetablering og byggjeklare bustadtomter er berre døme på nokre av dei tenestene kommunen yter til innbyggjarane. Desse tenestene vil alltid vera i endring i tråd med nye behov, lovar og reglar og samfunnsutviklinga generelt.

### **IKT**

I eit moderne samfunn er det viktig at alle har tilgang til breiband (fiber- eller ADSL) i heimen og gjerne på hytta. I dag samarbeider VTK og Rauland Kraftforsyningslag gjennom ei omorganisering av Telefiber om den vidare utbygginga i kommunen.

Kommunen har fått nye heimesider. Det er lagt opp til at den skal vera lett å finne fram i. Vi har òg fått på plass nokre elektroniske skjema. Kommunestyremøte blir overført direkte på nettet. Ein kan i tillegg klikke seg inn på den einskilde sak i ettertid og få med seg debatten.

Skulane i Vinje har god tilgang til berbare og stasjonære PC'ar til elevane. Utvikling i bruka av dataverktøy er godt i gang i skulane – og sume barnehagar held fram med opplæring av tilsette for nytte dataverktøy for ungane.

Eining for Organisasjon, Arkiv og IKT (OAI) er fagansvarleg for IKT utviklinga i Vinje. Vi er vertskommune for serverar for løns- og økonomisystemet Agresso for alle kommunane i Vest-Telemark. Når det gjeld sak- / arkivsystemet ePhorte og e-postsystemet Exchange har Vinje drifta av serverane til desse for Tokke og Kviteseid kommune.

Hausten 2007 starta bygging av nytt serverrom i kjellaren på kommunehuset. Det er planlagt innflytting i fyrste halvdel av 2008. Noverande serverrom stettar ikkje kravet til tryggleik for slike rom.

<i>Nøkkeltal – IKT</i>	<i>2004</i>	<i>2005</i>	<i>2006</i>	<i>2007</i>
Tal på PC administrasjonsnett	225	230	290	290
Tal på PC i elevnettet inkl. tynnklientar	94	145	196	203

### *Elektronisk arkivering*

OAI har ansvar for arkivet. Kommunen innførte elektronisk arkivering og dokumenthandtering basert på NOARK4.

### *Tenestetorget*

gjør at vegen i det kommunale byråkratiet har blitt mykje lettare for publikum. Sakshandsamarane skal vera generalistar som kan gjeva minst 60 % av alle som vender seg til kommunen den hjelpa dei treng. Vårt digitale telefon- og fråverssystem syter òg for at dei har oversikt over sentrale sakshandsamarar i kommunen. Systemet registrerer kven som er på plass og om ein kan bli sett over til mobiltelefon.

Tenestetorget har vore aktive i utarbeidinga av den ny heimsida.

Eininga er prega av at dei har byggjesakshandsaming i eininga si. Det er framleis høg byggeaktivitet i kommunen. Omlegging til nytt sakshandsamingsystem og elektronisk byggjesakshandsaming har kravd mykje ressursar. Det har vore meir enn 700 byggjesaker fordelt på 2 personar.

Eininga har òg fått ansvaret for serveringsløyve i tillegg til skjenkeløyve.

Alle husbankordningar er overført til tenestetorget og blir handsama der. Informasjon til aktuelle brukarar og fyrstelinetenesta i helse- og omsorgseingane har vore ei prioritert oppgåve.

### *Mål for 2007*

### *Måloppnåing 2007*

Ny heimeside ferdig i mars/april	Heimsida på plass 1. juli
Elektroniske skjema på heimesida	Nokre skjema er på plass og det kjem fleire etterkar
Betre organisering av innhenting av informasjon til heimesida	Alle fagområde har ein person som har ansvar for oppdatering på heimesida
Elektronisk byggjesakshandsaming og informasjon til entreprenørar og publikum	Elektronisk byggjesakshandsaming er på plass, men ein har ikkje hatt kapasitet nok til god informasjon.
Overta serveringsløyve frå Vinje helse og utarbeide betre rutinar	Dette er gjennomført
Kulturkalenderen – sjå på forma på denne	Den er no integrert som ein del av informasjonsavisa Blaamann
Oppdatering av reguleringsplanar skal liggje på tenestetorget	Har no blitt lagt til ØPU
Få lagt ut Webkart ut på heimesida	Dette er gjennomført, men er ikkje fornøgd med systemet som er vald

## MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJONEN


I 2001 vedtok kommunestyret ein del styringsprinsipp som ligg til grunn for vår organisering i flat struktur og for det praktisk arbeid i kommunen:

- *Innbyggjarane er i sentrum for all kommunal verksemd.*
- *Tenesteproduksjonen for innbyggjarar og brukarar blir organisert i naturlege einingar, med vekt på å vera nær brukar/mottakar og å ha samanheng i tenestene – såkalla resultateiningar.*
- *Færrast mogleg ledd mellom toppleiing og utførande ledd/person – to nivå for ansvar og mynde.*
- *Verksemdstyring tufta på rammebudsjettering, målstyring, verdistyring og resultatkrav/-måling.*
- *Sentralt plasserte felles støttefunksjonar og utviklingsoppgåver.*
- *All service og informasjon som ikkje naturleg blir dekt av dei andre einingane, blir samla på Tenestetorget.*
- *Mest mogleg effektiv bruk av IKT.*
- *Leiaravtale vert gjort mellom kommunestyret og rådmann og alle andre leiarnivå – der mål, forventningar og krav til resultat vert avklart.*
- *Leiarprofil tufta på teamleiing, deltaking, medverknad, kompetanseutvikling og resultatorientering.*
- *Størst mogleg fridom – i prosessen fram til måla – for einingar og medarbeidarar, med tilhøyrande ansvar for måloppnåing*

### Tal på årsverk

#### Auka bemanning

Når oversynet over årsverk i kommunen ikkje syner ein nedgang som innsparingane skulle tilseie, kjem dette av auke i stillingar gjennom politiske vedtak som td.: Natteneste i heimetenestene, kjøkkenstillingar på sjukeheimen, reinhald og psykiatri. Prosjektstillingar i TDV og på Tenestetorget ligg òg inne i årsverka.



#### Nedbemanning

Kommunestyre vedtok i økonomiplan for 2006 - 2009 og i økonomiplan for 2007-2010 ei nedbemanning med innsparing på kr 10 311 000,-.

	2006	2007	2008	2009	2010
Krav om nedbemanning	-1 013 000	-3 144 000	-5 187 000	-7 858 000	-10 311 000
Rådmannens nedbemanning	-1 021 714	-3 238 785	-3 539 025		

Organisasjonen hadde i 2007 klart å redusere bemanninga med halvparten av det som det var krav om for heile budsjettperioden 2006 – 2009. Reduksjonen i stillingar har skjedd gjennom naturleg avgang. Ein reduksjon i stillingar utover dette ville ikkje vore mogleg utan større strukturendringar (skulenedlegging, barnehagestruktur, helsetenester, oppseingar mv). Med bakgrunn i dette vedtok kommunestyret at det ikkje var ynskjeleg med ei vidare nedbemanning.

*Fylgjande einingar har fått redusert rammene med stillingar i perioden:*

Kultur 180%

Omsorgtenesta 100%

Teknisk drift og vedlikehald 90%

Rådmannen 100%

Næringskontor 100%

Oppvekstsentra 72%

Reinhald 150%

ØPU 50%

## ***Personalpolitikk og opplæring***

Felles opplæringstiltak har i 2007 vore følgjande:

- Opplæring i Hovudavtala for leiarar og tillitsvalde. Kurset var eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen som arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.
- Opplæring i sak-/arkivsystemet ePhorte web for alle sakshandsamarane
- Kurs i kommunikasjon v/BHT i ulike einingar
- Gjennomgang av dei personalpolitiske reglementa i kommunen for alle tilsette
- Opplæring i det nettbaserte HMS systemet for alle leiarar
- 40 timars HMS-kurs for verneombod og leiarar
- Opplæring i Profil (dataprogram for pleie- og omsorg)
- Gjennomgang av rutinar for sakshandsaming

### ***Markering av 25-års jubilarar og pensjonistar***

Kvart år inviterar kommunen alle 25-års jubilarane og alle årets pensjonistar til ein festmiddag. Jubilarane får gullklokke eller ein sjekk, medan alle pensjonistane i Vinje får ein akvarell.



### **Tiltak mot mobbing og trakassering**

Kommunen har utarbeidd ein tiltaksplan for vald, mobbing og trakassering av tilsette. Denne planen definerer kva som er vald, mobbing og trakassering, og fortel kva tilsette skal gjera i dei ulike høve.

### **Varsling**

Vinje oppdaterte dei etiske retningslinene i 2007. Desse gjeld tilsette og folkevalde, og ved revisjonen fekk ein presisert betre varslingsretten og vern av varslarane, jf. arbeidsmiljølova.


Det er òg utarbeidd ei varslingsplakat som er sendt alle arbeidsplassane. Denne tek for seg kva som er varsling. Vi får intern og offentleg merksemd kring den etiske åtferda som vi ynskjer i kommunen. Varslingsplakaten slår fast at Vinje kommune oppmodar tilsette om å nytte varslingsretten dersom kritikkverdige tilhøve vert oppdaga.

### **Sjukefråver**


#### **Oppfølging av sjukmeldte arbeidstakarar**

Vinje kommune vil at alle tilsette skal trivast med arbeidet sitt og skånast mot fysiske og psykiske helseskader slik at me får eit lågast mogleg sjukefråvær. Kommunen har tru på at tett dialog mellom leiar og sjukmelde arbeidstakarar har vore eit viktig virkemiddel i dette arbeidet. Det vert jobba systematisk med sjukefråværsproblematikken, og ein har ein formalisert dialog som tek til etter at sjukefråveret har vart i fire veker.

Sjukefråværet hadde ein større oppgang i 2007, me må attende til 2003 for å få eit like stort fråvær. Likevel er fråværet 0,6% under landsgjennomsnittet. Det er i Vinje heimetenester og på sjukeheimen at sjukefråværet har vore størst. Dette er store einingar som er gjer at det totale sjukefråværet i kommunen aukar monaleg. For andre einingar er det mindre endringar.



*På grunn av feil ved dataprogrammet Agresso, har ikkje Vinje korrekte tal for eigenmeldt sjukefråvær for 2005.*



### ***Vinje kommunale bedriftshelseteneste (BHT)***

deltek i sjukefråversoppfølginga mellom leiar og den sjukmeldte arbeidstakaren. BHT ligg på eininga OAI og er ansvarleg for oppfølginga av yrkesgrupper som har krav på verne- og helsepersonellteneste. Føremøner med ei eiga bedriftshelseteneste er mange. Me får eit hjelpeapparat med god kunnskap om organisasjonen, dei har oversikt over dei ulike arbeidsplassane og kva som er mogleg i forhold til overflytting, nye arbeidsoppgåver, utprøving osv. Dette lettar kontakten i saker der arbeidstakarar søkjer KLP eller SPK om stønader.

### ***Helse, miljø og sikkerheit (HMS)***

Vinje kommune har eit nettbasert HMS-system der ein òg har eit register alt av kjemikaliar som vert nytta på arbeidsplassane.

### ***Tillitsvalde***

I Vinje er det tillitsvalde/kontaktpersonar i 10 ulike arbeidstakarorganisasjonar. Tre hovudtillitsvalde har frikjøp av tid: Fagforbundet 80%, Utdanningsforbundet 35%, og Norsk sjukepleiarforbund 11 %. Desse tre organisasjonane er dei største, og er difor dei organisasjonane som har representantar i dei fleste prosjektgrupper og utval.

Fagforbundet og Utdanningsforbundet har medlem i Administrasjonsutvalet og Hovudarbeidsmiljøutvalet. Hovudverneombod vert valt av og blant Fagforbundet sine medlem.

### ***Samrådsmøte***

Om lag ein gong i månaden har rådmannen møte med hovudtillitsvalde. Her blir det teke opp ulike problemstillingar som vedkjem dei tilsette. Tema som blei drøfta i 2007 var m.a.

*Dialogmøte, deltaking av prosjekt/arbeid innan personalarbeid, prosjekt som er relatert til lønnsforhandlingane, skatt av mobil, styrevervregister, KGL. selskap for Noregs vel – medalje for lang og tru teneste, kurs i HA, kompetanseutvikling, uttalerett, personalpolitiske retningslinjer (arbeidsgruppe), diverse vedk. lokale forhandlingar, avlønning av sekretærar, fyrsteseekretærar, konsulentar, EVU for høgskulegruppene, kommuneøkonomi – budsjett, seniorpolitikk (arbeidsgruppe), kompetanseutviklingsplan i barnehagen, varslingsplakaten, tiltak mot, vald, mobbing og trakassering (arbeidsgruppe) og felles kurs i Hovudaavtala.*

## PLAN OG UTVIKLING

Desse tenestene høyrer inn under støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Eininga har, utover kommunens totale økonomiforvaltning, ansvar for den overordna- og detaljerte arealplanlegginga i kommunen, og skal vera ein motor i kommunens prosjekt- og utviklingsarbeid. Under dette høyrer kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og temaplanar (t.d. rehabiliteringsplan og motorferdselsplan).

### Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Netto driftsutgifter til plansakshandsaming pr. innbyggjar	614	202	148	137
Brutto driftsutg til fysisk tilrettelegging og planlegging pr. innbyggjar	2.123	786	569	534
Saksgebyr for privat framlegg til reguleringsplan	8.810	10.864	15.579	19.168
Tal planar sende på høyring	12	6	7	7

### Mål for 2007

### Måloppnåing 2007

Ferdigstille langsiktig kommuneplan	Samfunnsdelen er ferdigstilt
Evaluerer motorferdselordninga i Vinje.	Grunna utsetjinga av vedtak av nytt regelverk, vart evalueringa utsett.
Evaluerer kommunedelplanane i Vågslid og Rukkemo Torvetjønn.	Næringskontoret hatt eit arbeid i gang for å sjå på dei næringsmessige konsekvensane av utbyggingane. Det vert det utført ei planfagleg analyse som forarbeid for dei føreståande planrulleringane.
Halde god framdrift i arbeidet med eigne reguleringsplanar.	Ein tilsett gjekk ut i permisjon og reduserte sakshandsamingskapasiteten med 1/3. Reguleringsplanen for Åmothaugen vart ferdigstilt, medan fortau/gs-vegar i Åmot og Raulandsgrend ikkje har hatt særleg framdrift. Vinje kommune har likevel halde seg innanfor maks grensene i Plan- og bygningslova.
Sjå på rutinane i høve til utbyggingsavtaler	Har starta å sjå på, men er ikkje i mål.
Starta opp arbeidet med offisielle adresser	Av omsyn til kapasitetsproblem vil dette vil starte opp i løpet av året 2008
Arbeide med interkommunal geologiplan saman med Tokke	Det er teke prøver som er sendt til analyse hjå NGU for å få klarlagt potensielle både for næringsutvikling gjennom massetak og førekomstar som er høveleg for vegbygging m.m.
Arbeidet med tettstadutviklinga i Rauland og Åmot	Arbeidet er i mål for denne gang. Området framom Raulandshuset står att og vil bli avslutta når det er teke stilling kulturdelen av samfunnshuset. Det er laga utanomhusp- og skiltplan for næringsverksemdene i Rauland. Arbeid med skiltplan for heile Rauland er i gang i samarbeid med Rauland Turist. I Åmot har ein venta på ferdigstilling av reguleringsplanen for Åmothaugen. Denne er teken opp til ny revisjon og ein har ikkje kome langt i dette arbeidet.
Kartlegge nye bustadfelt på Rauland	Er i gang
Samarbeid med TDV om plan for uteområdet ved Rauland Omsorgssenter, ink sansehage.	Arbeidet har starta opp og vil avsluttast i løpet av sommar 2008.
Følge koordineringsoppgåvene i samband med Fjellregionsamarbeidet i Telemark	Nasjonale pilotprosjektet "Hyttfolk" i Tinn og Øyfjell – sjå under næring
Være koordinator for prosjekt	Samarbeid med helse- og omsorgssektoren i samband med prosjekta knytt til elektronisk samhandling og plan for omsorgsbustader i Åmot.
Oppfølging av Fylkesdelplan Hardangervidda og Fylkesdelplan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.	Det er jobba aktivt med førebuing og posisjonering

## NÆRING

### *Næringskontoret*

Næringskontoret har godt samarbeid med næringsorganisasjonane. Ein driv med utviklingsarbeid innan reiseliv, landbruk, andre næringar og handsamar nærings saker for NPU, formannskap og kommunestyre. Ein forvaltar kommunale tilskot til landbruksføremål og den kommunale landbruksvikarordninga.

Anna viktig arbeid er tilsyn og vedlikehald av kommunens eigedom Berunuten, konsesjonshandsaming Møsvatn, fjellregionsamarbeid med Tinn kommune og Telemark fylkeskommune, samarbeid med Vest-Telemark Næringsutvikling, forvaltingsplan Brattfjell-Vindeggen og arealforvalting Setesdal-Austhei villreinområde.

Næringskontoret har ansvaret for ein del lovpålagde oppgåver og oppgåver delegerte frå staten. Blant desse er lovforvaltninga etter jord-, konsesjons- og odelslova, lov- og tilskotsforvaltning innan skog og utmark, lov og tilskotsordningar innan viltforvaltning, tilskotsforvaltning etter jordbruksavtala, BU- tilskott, SMIL - Miljøsaker i landbruket (forureining, nærings- og miljøtiltak i landbruket).

Kaizen AS har utarbeidd ei analyse om den direkte og indirekte verdiskapinga av reiselivet " Reiselivbasert verdiskaping i Vinje ". Denne skal danne grunnlag for ny reiselivsstrategi for kommunen og som grunnlag for rullering av kommunedelplanar. Næringskontoret har vore med i arbeidsgruppa som kom med forslag til strategisk næringsplan for Vest-Telemark for 2007-2010. Planen er vedteke av Vest-Telemarktinget.

Nærings- og prosjektutvalet/formannskapet har handsama 14 saker og løyvd kr. 2.863.000 til ulike tiltak. Tilskotssaker til landbruksføremål handsama administrativt er 20 saker på til saman 766.100,-. Løyvingssaker til Grønt utval/Plan og miljøutval er tre saker på til saman 167.800,-. Kommunalt tilskot til landbruksføremål på kr 800.000,- vart fordela på 16 søkjarar. For det meste gjaldt det driftsbygningar, men òg noko grøfting, dyrking og tilleggsnæringar



*I 2007 vart nye hytta Glacimane ferdigstilt utvendig med opning i 2008*

*Mål for 2007*

*Måloppnåing 2007*

Deltaking i planarbeid	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeidet med forvaltningsplanen for Brattfjell- Vindeggen Landskapsvernområde. Endeleg framlegg sendt til DN før jul.</li> <li>- Fylkesdelplan for Hardangervidda kom ikkje i gang i 2007.</li> </ul>
Stimulere til eit meir konkurransedyktig næringsliv og utviklingsarbeid innan reiseliv, landbruk og andre næringar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Næringskontoret har vore med i arbeidsgruppa til framlegg til strategisk næringsplan for Vest-Telemark for 2007-2010.</li> <li>- Kalde og varme senger - er under evaluering</li> <li>- Det er halde 1-2 kontaktmøte med kvar av næringsorganisasjonane</li> <li>- Stimulering til bransjevise nettverk er overført Vest - Telemark Næringsutvikling (VTNU)</li> <li>- Skaffa tilskot til sertifisering av taxibåtar og båtførarar/mannskap frå Telemark fylkeskommune.</li> <li>- Ordna tilskot til luftputebåt på Møsvatn frå Fellesfondet.</li> <li>- Haukeli Ysteri er i gang med produktutvikling saman med UMB (Landbrukshøgskulen på Ås).</li> <li>- Prosjektet "Friskare geiter" fekk støtte av kommunen.</li> <li>- Pilotprosjektet Hyttefolk i Vinje og Tinn i samarbeid med KRD og Telemark fylkeskommune er finansiert og etablert. Spørjeundersøkinga er gjennomført og tiltaksplan ferdig</li> <li>- Framtidas feriebustad i fjellet er lagt vekk.</li> <li>- Bidragsytar i samband med oppretting av Norsk Villreinsenter på Skinnarbu.</li> </ul>
Stimulere til nyetableringar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Grunderforum – arbeidet skjer gjennom VTNU</li> <li>- Næringskontoret har delteke i arbeidet med reguleringsplanar knytt til tilrettelegging av nye næringsareal.</li> <li>- Arbeidet med etablering av landbruks- og næringsssenter</li> </ul>
Identitetskjenne og merkeva-rebygging	<p><u>Innovativ fjellturisme :</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forprosjekt "Kulturprosjekt Rauland " - eit reiseliv/kulturprosjekt som omfattar heile kommunen i samarbeid med kultureininga.</li> <li>- Forprosjekt " Telemarksfjella " – samarbeidsprosjekt med Tinn.</li> <li>- Innovativ fjellturisme hadde studietur til New Zealand med brei deltaking frå næringslivet, og etablering av Innovativ fjellturisme AS.</li> <li>- Rolf Akselsen i Kaizen AS har utarbeidd ei analyse om den direkte og indirekte verdiskapinga av reiselivet "Reiselivbasert verdiskaping i Vinje"</li> <li>- Heilskapleg profilering av Vinje skjer via heimesida. Rauland Turist har ansvar for reiselivsdelen.</li> </ul>
Vidareutvikle eit levedyktig lokalsamfunn	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Deltaking i arbeidet med tettstadsprosjekta i Rauland og Åmot</li> <li>- Næring har òg samarbeid med Tinn i Pilot utmark og Telemarksfjell.</li> <li>- Øyfjell city: Utpøving av tiltakstore tomtar, etablering av prøvebustad og gratis barnehageplass. Det er løyvd midlar frå Vinje kommune og KRD til prøvebustad i Øyfjell.</li> </ul>
Satse på ungdom	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Innovasjon Noregs ungdomskontor blei vedteke nedlagt i 2007</li> <li>- Deltek i arbeidet med å etablere møteplassar i tettstadsarbeidet for Rauland og Åmot.</li> <li>- Etablert samarbeid med Innovasjon Noreg sentralt om prosjektet "Ung kultur i vekst"</li> </ul>

## SKULE

Edland skule	Rauland skule	Åmot skule	Vinje oppvekstsenter	Øyfjell oppvekstsenter
--------------	---------------	------------	----------------------	------------------------

### Overordna mål for skulane

er å skape eit godt lærings-, arbeids- og sosialt miljø for alle elevane. Å utnytte personalressursen til beste i opplærings situasjonen for elevane og skape eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette. Skulen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at alle elevar skal få utnytte eigenskapane sine.

#### Satsingsområde:

- Tilpassa opplæring (TPO)
- Styrkje lese- og skriveopplæringa
- Språk- og lesestimulering
- Få alle tilsette opp på e-post
- IKT
- Entreprenørskap i utdanninga
- Felles lyft for realfaga
- Læringsmiljøet
- Skuleanlegg
- Manifest mot mobbing
- Program for digital kompetanse
- Fysisk aktivitet og måltid
- Gje rom for lesing / dyrke leselysta
- Kontakt mellom næringslivet og skule
- Trim for elevane og lærarane
- Foreldresamarbeid
- Auka elevmedverknad
- Kunnskapsløftet.
- Forsøksordninga med skulemat.
- Elevsamtale
- Klasseleiingskule

#### Skulemat

Skuleåret 2007/08 er Vinje prøvekommune for skulemat i regi av Utdanningsdirektoratet. Alle skulane har vore med, og det har vore ein kombinasjon av varm og kald mat ved alle skulane. Rauland skule hadde eit samarbeid med Attføringssenteret, og fekk levert varm mat derifrå. Dei andre skulane har hatt eit samarbeid med Vinje kjøkendirft. Ordninga skal evaluerast i 2008.

#### Vaksenopplæring

All vaksenopplæring i kommunen er lagt til Åmot skule. Her er det undervisning i norsk og samfunnsfag til alle elevar som har rett og plikt til dette. I tillegg er det i 2007 gjeve tilbod om, og gjennomført norskkurs for 10 vaksne innvandrarak frå EØS-land.

#### KOSTRA-tal: Utgifter grunnskule

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskuleundervisning pr. elev	83 074	69 801	58 972	58 145
Netto driftsutgifter til grunnskuleundervisning pr. innbyggjar 6 – 15 år	79 097	69 638	56 400	55 481
Lønsutgifter til grunnskule pr.elev	79 713	68 669	56 983	55 468
Del elevar som får særskilt norskopplæring i %	5,2	2,6	5,9	6,5
Del elevar som får morsmålsopplæring i %	4,6	2,0	4,2	3,6
Del elevar med spesialundervisning i %	7,6	9,0	6,0	6,3
Del elevar med skuleskyss i %	50,3	43,9	24,1	22,3
Del elevar i SFO i høve til innbyggjarar 6 – 9 år i %	42,1	46,1	59,6	56,7
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	39,42	36,15	37,38	34,22

Kvalitetsmessig ligg skulane i Vinje på topp jf. grunnskulepoeng, men me brukar vesentleg meir pengar pr. skulebarn enn gjennomsnittet for fylket og landet. Dette skuldast fleire tilhøve, mellom anna at klassene er små på grunn av desentralisert skulestruktur. Dersom ein samanliknar med like kommunar er skilnaden noko mindre. Kommunen har hatt ein god auke i elevar i skulefritidsordninga (SFO), og ligg no ikkje langt under gjennomsnittet i samanliknande kommunar.

*Mål for 2007*

*Måloppnåing 2007*

Gje rom for lesing, og auke leselys- ta som skal vare under heile skule- tida	Dette vil vera eit kontinuerlig arbeid
Auke elevmedverknaden og med- vitet rundt dette	Auka elevmedverknad har skjedd fyrst og fremst gjennom elevsamtalar.
Tilpassa opplæring (TPO)	Arbeid held fram, og det har vore styrkt innsats både for grupper og einskild- elevar. Det er lagt til rette slik at elevar med ulike behov får dei utfordringane dei treng. Auka satsing på lesing og praktisk matematikk gjev resultat. Lærarar med spesialpedagogisk kompetanse legg planar saman med PPT.
Kunnskapsløftet frå ord til hand- linga	Vidareføring av arbeidet med fokus på læringsomgrepet, arbeidsmål og kva eleven har lært. Målstyringa i klasseromet har vorte tydlegare. Det har vore arbeidd særskilt med å styrke skrive- og leseopplæringa. Andre innsatsområde har m.a. vore praktisk matematikk, naturfag, tysk, IKT og sosial kompetanse.
Bruk av digitalt verktøy / IT sat- sing	Arbeidet held fram med storsatsing på IT- materiell og digital kompetanse. <i>Classfrontier</i> som læringsplattform er innført i alle skular. Alle lærarane har fått berbar PC. Om lag halvparten av elevane disponerer PC og elevnettet er godt utbygd, men ein er ikkje i mål på dette. Vinje oppvekstsenter har kome lengst i IT satsing av skulane i kommunen.
Entreprenørskap	Arbeidet har vore vidareført og vidareutvikla - og fungerer bra
Auka kompetanse hjå personalet i høve faglege utfordringar og Vinje sitt omdøme	Ikkje særskilte tiltak

*Øyfjell oppvekstsenter*



## **BARNEHAGE**

<b>Hakkespetta barnehage</b>	<b>Rauland barne- hage</b>	<b>Edland barne- hage</b>	<b>Vinje opp- vekstsenter</b>	<b>Øyfjell opp- vekstsenter</b>
----------------------------------	--------------------------------	-------------------------------	-----------------------------------	-------------------------------------

Barnehagane i Vinje har høg kvalitet som kjem til uttrykk i brukarundersøkingar blant foreldra. Det er tett samarbeid mellom barnehagane, ikkje minst gjennom felles møte med barnehagesjefane.

### ***Full barnehagedekning***

Kommunen har hatt full barnehagedekning, noko som òg er eit av hovudmåla til kommunen. For å innfri dette er barnehagen i Edland påbygd, og det føreligg konkrete planar for påbygging av Hakkespetta.

Det vil vera ei utfordring i tida framover å ha full barnehagedekning. Prøveprosjektet i Øyfjell med gratis barnehage har ført til at fleire foreldre vel heildagsplass for borna sine der, med det har vore ein klar tendens òg andre stader at foreldre søker om utvida plass. Barn under 3 år er etterkvart ei større søkjargruppe enn tidlegare. Dette krev plass, då kvar unge under 3 år krev 2 plassar.

Vinje har høge tal på barn i kommunen med barnehageplass. Barn i Vinje har kortare opphaldstid i barnehagane enn i Telemark og i landet elles. Men ein ser ei auke i ynskja om større plass.


Barnehagane har samarbeidd om ein del felles satsingar i kommunen.

Ny rammeplan for barnehagane har vore i fokus. Det er difor sett av midlar sentralt i budsjettet framover til opplæring. Vinje har vore deltakar i Vest-Telemark prosjektet "Den nye vaksenrolla" som har vore statleg finansiert. Entreprenørskap frå barnehagen til skulen er framleis eit satsingsområde. Overgang frå barnehage til skule-

### ***Satsingsområde***

- Full barnehagedekning
- Barnehageutbygging
- Prosjekt og utviklingsarbeid knytt til fagområda i R06.
- Kompetanseheving innanfor R06.
- Kosthald og fysisk aktivitet i barnehagen. Prosjektet "Fiskesprell" med teoretisk og praktisk kunnskap
- Kompetanseheving innanfor R06 både lokalt og i samarbeid med dei andre Vest-Telemarks-kommunane
- Fornøgde brukarar.
- Entreprenørskap frå barnehage til vidaregåande skule.
- Språkstimulering
- Motarbeide mobbing.
- Barnehagen som medaktør i å hindre fråflytting, og i å få fleire til å flytte til Vin
- Auke forståinga for å ta vare på mangfaldet i barnehagen
- Brukartilpassa barnehagetilbod.
- Implementering av ny Rammeplan (R06).

**Utvalde KOSTRA-tal**



	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Telemark</i>	<i>Landet</i>
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. barn i barnehagen	130 586	111 569	114 721	112 340
Netto dr.utg. til barnehagar pr innbyggjar 1 – 5 år	57 022	22 286	16 172	13 463
Del barn 3–5 år med barnehageplass i høve til innbyggjarar 3-5 år	98,2	96,5	95,9	94,3
Del barn 1-2 år med barnehageplass i høve til innbyggjarar 1-2 år	75,3	73,1	69,3	69,2
Utgifter pr. barn som får ekstra ressursar	73 000	151 604	175 807	248 777
Fordeling av utgifter i %:				
Opphaldsbetaling	8,8	17,3	17,6	18,5
Statstilskott	41,3	55,1	51,4	54,0
Kommunale driftsmidlar	49,9	27,6	31,0	27,6

**Mål for 2007**

**Måloppnåing 2007**

Full barnehagedekning	Alle barn som har søkt har fått plass.
Entreprenørskap	Dette vert jobba med dagleg. Det er laga planar for entreprenørskapskule / barnehage.
Stimulere ungar til å bruke eit variert talespråk, førebu skriftspråk og kommunikasjon.	I samarbeid med spesialpedagogen og PPT har det vore jobba aktivt med språkstimulering. Observasjonsverktøyet TRAS er teke i bruk.
Innføring i ny rammeplan (R06)	Vidareføring av opplæring ma gjennom Vest-Telemark prosjektet "Den nye vaksenrolla"
Nye nettsider for barnehagane og skulane	To av barnehagane har fått nye nettsider.
Barns medverknad og sosial kompetanse	Det har vore arbeidd mykje gjennom samtale med barn, både gruppevis og enkeltvis.
IT-i barnehagen	Spes. Rauland barnehage har satsa mykje på IT. Barna har lært å bruke ulike digitale verkty som pc, kamera, skanner og kopimaskin

## HELSE OG OMSORG

Helse- og omsorgstenestene er eit samleomgrep på all kurativ og førebyggjande helseteneste, sosialteneste, heimeteneste, eldreomsorg, ansvar for funksjonshemma og kjøkendrift. Eit godt samarbeid mellom tenestene er naudsynt for å få til ei heilskapeleg tenestekjede.

### *Vinje helse*

- Legetenesta
- Helsesystemtenesta
- Fysioterapi
- Psykiatri

Eininga har inngått ein partnerskapsavtale om folkehelsearbeid på fylkesnivå, som blei vedteken i 2007. Helsesjefen er koordinator for dette arbeidet og 20 % av helsesjef stillinga blir dekt av fylket.

Det er tre legar som har teke ut avtalefesta permisjon i løpet av året. Det har vore ein utskifting av 2 legar og medisinsk fagleg rådgjevar.

### *Helsetenesta*

Vinje brukar svært mykje pengar på kommunehelsetenesta målt pr. innbyggjar i høve til dei fleste andre kommunar. I nokon mon skuldast det ein høgare personellfaktor av fagfolk, og ei desentralisert teneste gjer at kostnadane blir høge. Samstundes lyt ein ta omsyn til at sektoren er eit tenestetilbod til både turistar og bygdefolk.

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Telemark</i>	<i>Landet</i>
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar	5 590	3 397	2 120	1 874
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar	3 459	2 308	1 506	1 374
Kommunale fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggjar	13	9	8,2	8,6
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar 0-5 år.	11 853	7 808	6 149	5 017
Helsestasjons- og skulehelseteneste				
Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar	16,5	13,1	9,5	9

### *Sosialteneste*

Sosialtenesta har vore samlokalisert med trygdekontoret sidan starten på 2007. Eininga har fagleg og økonomisk vore underlagt Vinje helse. Det er store underskot knytt til sosialtenesta. Netto driftsutgifter pr innbyggjar 20-66 år har auka frå 3535 til 4064.

Kommunen har markerte høgare netto driftsutgifter enn andre kommunar. Det største avviket i høve til andre kommunar finn vi innan sosialt førebyggjande arbeid. Utgifter til brukarar med rusproblem har derimot gått drastisk ned. Ein kan elles merkje seg at kommunen har færre årsverk enn andre kommunar.

Brutto driftsutgifter er høgare enn kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. I Vinje har brutto driftsutgifter auka frå 2005 -2007, noko som òg er tilfelle i landet som heile.

### KOSTRA tal

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Telemark</i>	<i>Landet</i>
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 20-66 år	3 535	1 841	2735	2425
Tal på innbyggjarar 20 – 66 år som har motteke økonomisk sosialhjelp, i %	5,1	4,4	5,1	4,0
Årsverk i sosialtenesta pr. 1000 innbyggjar	0,55	0,93	1,01	1,19
Netto driftsutgifter til råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid pr. innbyggjar, 20-66 år	1918	825	731	749
Netto driftsutgifter til tilbod til pers. med rusproblem pr. innbyggjar, 20-66 år	14	36	407	359
Brutto driftsutgifter pr kommunal brukar, kr	86 622	50 866	60 894	72 281

### Psykiatritenesta

Ein har halde fram med opptrappingsplan for psykisk helse og utvida med ein stilling som miljøarbeidar.

### Barneverntene sta

Det interkommunale samarbeidet i Vest- Telemark (som har vore eit nasjonalt prøve prosjekt) har vore evaluert av Telemarksforskning som definerer samarbeidet som ein suksess. Diverre har Kommunaldepartementet avslått vidare drift som IKS, men meiner kommunane skal organisere samarbeidet i ein vertskapskommune.

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Telemark</i>	<i>Landet</i>
Netto driftsutgifter til saman pr innbyggjar	1291	1196	1073	1126
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 0-17 år	5744	5277	4874	4853
Andel netto driftsutgifter til sakshandsaming %	34,1	36,3	31,2	31,6
Andel netto driftsutgifter til barn som bur i sin opprinnelege heim %	30,0	18,2	18,4	16,9
Andel netto driftsutgifter til barn som bur utanfor opphavlege heim %	35,9	45,5	50,3	51,5

### Mål for 2007

### Måloppnåing 2007

Få avvikla legepermisjonar på ein god måte	Har avvikla 3 permisjonar i 2007. Hatt vikardekning, men dette har teke meste av overskotet frå tidlegare år.
Ta i bruk PROFIL for psykiatritenesta	Har kome i gang
Få på plass folkehelseprogram og -koordinator i samarbeid med fylket	Plan vedteke i kommunestyre
Arbeide med kvalitetssikring og opplæring	Vore mykje kursverksemd og skulering i 2007. Arbeid med kvalitetssiking i eininga er godt i gang.
Få på plass bustadsosial plan	Arbeidet ferdig i samarbeid med Vest Telemark kommunane

## ***Pleie- og omsorgstenesta***

Har delteke i store datasatsingsprosjekt innanfor tenesta. Vinje har leia prosjektet med gjennomføring av Profil (fagsystem for pleie- og omsorgstenesta) i alle VT-kommunane. Vinje har nytta programmet i mange år, men har no teke i bruk fleire modular. Opplæring i alle modular er òg gjennomført.

Saman med Tokke har ein starta eit prosjekt for elektronisk samhandling mellom Profil (omsorgsjournalar) og Prof-doc (legejournalar). I samband med dette fekk kommunen høve til å delta som ein av 20 kommunar i eit landsomfattande prosjekt som gjeng på elektronisk kommunikasjon mellom sjukehus og kommunane.

IPLOS- registrering er tatt i bruk og fyrste sending til SSB er gjort.

## ***Vinje sjukeheim***

Sjukeheimen er sentralinstitusjon for heile Vinje med 41 plassar.

Omlegging av kjøkkenstrukturen har teke mykje tid i 2007. Det har vore gjort bygningsmessige endringar og IK-mat system er etablert. Alle måltider blir no organisert på avdelingane.

Sjukeheimen opplever rett bruk av heile tenestekjeda som ei utfordring. Dette krev mykje og kontinuerleg samarbeid på tvers av einingane. Det hender ein legg inn pasientar på sjukeheimen som eigentleg ikkje treng så omfattande tilbod. Dette får konsekvensar for kapasitet og forventningar hjå innbyggjarane. Å få rett tildeling av tenester må bli eit satsingsområde framover. Sjukeheimen har hatt ca 6 % høgare belegg enn normalen for tidlegare år.

Det er eit ynskje å utvikle sjukeheimen til meir satsing på korttidsopphald som alternativ til sjukehusinnlegging.

### ***Mål for 2007***

### ***Måloppnåing 2007***

Tilrettelegging av kjøkkenfunksjonar på avdelingane på sjukeheimen	Arbeidet er gjennomført med etablering av IK-matsystem, ombyggingar, etablering av nye rutinar m.m.
Forbetre IPLOS rapporteringsrutinar	Første innsending er gjort til SSB
Delta i Profil-prosjekt i VTelemark	Sjukeheimen har vore systemansvarleg for programvara. Opplæring i alle kommunane er gjort.
Profil-com deltaking	Blitt med i omfattande nasjonalt prosjekt
Innføre kvalitetssystem for tannhelse	Det er etablert eit godt samarbeid med off. tannhelsetenesta
Bruke SMS-bemanning for innkalling av vikar.	Ventar på innføring av nytt turnusprogram til dette..
Koma i økonomisk balanse	Underskot på drift tross auka ramme i 2007. Overforbruk skyldast sjukefråvær, overbelegg og ekstra personell på natt.
Kompetanseheving i psykiatri, geriatri, eldreomsorgens ABC, palliativ omsorg og IKT	Ein har gjennomført måla for kompetanseheving.
Få sjukefråværet under 10 %.	Målet om sjukefråvær er ikkje nådd, det er på 10,5 %. Siste del av året er sjukefråværet på veg ned
Skifte ut ein del utstyr etter plan	Dette er gjennomført

## Vinje heimetenester

har ansvaret for all heimeteneste i Vinje kommune, med basar for heimeteneste i Vinje, på Edland og Rauland. Avdeling for funksjonshemma og dagsenteret ligg administrativt plassert i Åmot.

Det er ein stor eining med mange komplekse tenester. I 2007 har det vore tiltak knytt til einskilde brukarar som har kravd store ressursar.

Dei nye Flatlandsbustadene knytt til Norheimstunet er ferdig og teke i bruk.

### Mål for 2007

### Måloppnåing 2007

Innføre natteneste	Natteneste innført frå september 2007.
Få til målretta arbeid med arbeidsmiljøet med "Arbeidsmiljø i heimetenesta" frå SHD	Har ikkje kome i gang med arbeidsmiljøgrupper
Betre internkontrollsystemet	Arbeidet har ikkje blitt prioritert
Få eininga til å fungere som ein heilhetleg teneste	Grunna store avstandar og sterke kulturar har dette vore vanskeleg å få til
Nytte dei økonomiske ressursane slik at mottakarane er nøgde og tenesteytarane har ein god arbeidsplass	Store underskot på drifta tross auka ramme. Det er sett inn ekstra tiltak i avd for funksjonsh på Norheimstunet. Sett inn ekstra merkantil hjelp. Ein har òg hatt mange sjukemeldingar.
Få sjukefråværet under 9 %.	Mål ikkje nådd. Sjukefråværet har vore 11 %.
Profil-deltaking i VT samarbeidet og i Profil-com	Avd.leiar i Øvre Vinje har vore prosjekt – og opplæringsansvarleg i samarbeid med sjukeheimen.
Innføre elektronisk medisin-kardex	Gjennomført i heile eininga
Kompetanseheving innan psykisk helsearbeid, målretta miljøarbeid, pallativ omsorg, eldreomsorgens ABC, og i	Har prioritert pallativ omsorg og eldreomsorgens ABC. Opplæring i Ephorte er gjort i samband med VT prosjektet.

### KOSTRA-tal for pleie- og omsorgstenesta

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Korrigert brutto driftsutgifter pr. mottakar av kommunale pleie- og omsorgstenester	349 926	297 963	324 372	278 843
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar	19 211	16 198	12 671	11 179
Del innbyggjarar over 67 år som mottar heimetenester %				
Del innbyggjarar over 80 år som mottar heimetenester %				
Del brukarar som mottek både praktisk hjelp og heimesjukepleie i %				
Del innbyggjarar 80 år og over som bur på institusjon i %	68,3	76,9	74,6	73,8
Del sjukeheimplassar av totalt tal på institusjonsplassar i %	100	93,8	93,2	93,3

Brutto driftsutgifter pr mottakar har auka med 46 000 frå 2006. Tilsvarande auke ser ein for Telemark som heile.

## Vinje kjøkendrift

Kjøkkenet har i samarbeid med sjukeheimen sluttført omlegging av måltidsordninga ved Vinje sjukeheim. Kjøkkenet kan nå levere ut eit større varespekter som gjer at valfridomen til pasientane blir større. Kjøkkenet har òg investert frå eigen buffer til omlegging på sjukeheimen.

Dei har levert skulemat til 4 av 5 skular i Vinje i samband med prosjekt gratis skulemat.

Kjøkkenet har stor etterspørsel etter tenester frå private som ynskjer mat levert til selskap og arrangement.

### Mål for 2007

### Måloppnåing 2007

Vera med å leggje til rette for måltidsordningar på sjukeheimen	Arbeidet er gjennomført i 2007
Arbeide vidare med å gi brukarane på sjukeheimen og i heimetenesta høve til alternativ meny	Sjukeheimen kan i dag velje alternativ til dagens middag, ynskjekost og andre alternativ etter avtale.
Halde fram med å levere til eksterne kundar	Kjøkkenet har levert til eksterne og interne, særleg var etter-spunaden stor fyri jol
Utvikle kantinedrifta til beste for dei tilsette	På helsesenteret er det tilbod om varm lunsj tre dagar i veka. Ved kommunehuset er det praktiske årsaker til at dette er vanskelegare å gjennomføre.
Samarbeid om skulemat	Frå skuleåret 2007 har ein levert til alle skulane utanom Rauland skule. I tillegg vert det levert heimebaka brød til Hakkespetta barnehage.
Økonomi: investere i omlegging på sjukeheimen	Tatt 280 000 av buffer til investering på sjukeheimen. Har i tillegg måtte investere i 2 nye omnar på kjøkenet
Gje Tokke eit tilbod på levering av mat	Har ikkje hatt kapasitet til å koma med tilbod



Skulemat på Vinje oppvekstsenter

## TEKNISK DRIFT

### Drift – og vedlikehald

Eining for Teknisk drift og vedlikehald (TDV) tek seg av drift og vedlikehald av kommunale anlegg, vegar, vass- og avløpsanlegg, renovasjon, badevakter og beredskap.

Det er som året før vore store utbyggingsoppgåver der TDV har vore involvert, både i prosjekteringsfasane og i byggjekomitear. Det har vore ein stor utfordring å rekkje over alle vedtekne utbyggingar. Investeringsbudsjettet har hatt mange store og små investeringar på totalt 55 millionar.


Det har vore vanskeleg å skaffe fagfolk til eininga, då det har vore stor etterspunad andre stader. Trongen for vedlikehald er stort då ein har hatt stort etterslep.

Drifta av eininga er no stabil med faste tilsette både på ute vaktmeisterteama og i administrasjonen.

### Beredskap

Avtaleverket kring brannberedskap, som har vore ein utfordring, er no på plass.

Talet på utrykningar aukar for kvart år. I 2007 var det 71. Lange strekningar av E 134 går gjennom Vinje kommune. Ein slit òg med mykje gammalt utstyr særskilt på Edland og i Rauland.



### Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Finansiell dekningsgrad vatn, pst.	57,4	90,4	86,8	94,2
Finansiell dekningsgrad avløp, pst.	64,5	92,8	94,8	95,2
Finansiell dekningsgrad avfall, pst.	100	97,2	100	99,6
Del av innbyggjarar som er knytte til kommunal vassforsyning, pst.	43,4	74,6	75,5	86,4
Del av innbyggjarar som er knytte til kommunal avløps-teneste, pst.	52,3	65	78,9	83,6
<b>Årsgebyr 2007 (kr)</b>				
Vatn	1 822	2 359	2 379	2 326
Avløp	2 934	2 373	3 261	2 720
Renovasjon	2 114	2 196	2 011	2 031

## Samferdsel

Kommunale vegar sorterar under Teknisk drift, men trafikkplanar og høyringar ligg under Økonomi, plan og utvikling (ØPU).

Kommunen har eit omfattande vegnett, men brukar mindre pr. km. veg enn gjennomsnittet i fylket og i landet. Vinje kommune hadde likevel ei auke i driftsutgiftene frå 2006 til 2007.

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Brutto driftsutgifter i kr pr km. kom. veg/gate	47 905	61 862	89 154	96 776
Kommunale vegar pr 1000 innbyggjar, km	23,1	23	10,7	8,1
Private vegar det blir gjeve kom. tilskot til %	13,6	16,2	12,6	6,1

Trafikksikringsplanen er ein i gang med å få rullert. ØPU har òg ferdigstilt dokument knytt til E 134; konseptutval-, konsekvensutgreiing og kommuneplan som skal politisk handsamast i 2008.

## Reinhold

Alt reinhold er organisert i eiga eining med arbeidstakarar som arbeider på alle kommunale anlegg. Kommunen har òg eige vaskeri på sjukeheimen.

Det har vore skifte av reinhaldsleiar i løpet av året. Den nye reinhaldsleiaren har sett i gang øreinholdskulenø for alle tilsette. Det er god økonomi i eininga og den er godt oppdaterte på utstyr.

## Kart- og oppmåling

Denne tenesta ligg under eininga for Økonomi, plan og utvikling. Ein har måtta auke med ei stilling på grunn av etterslep og stor auke i byggemarknaden.

### Mål for 2007

### Måloppnåing 2007

Ha planar for utbetring og vedlikehald (TDV)	Trongen er stor, men er i gang og det er laga enkel vedlikehaldsplanar
Gjennomføre dei mange prosjekt som er vedtekte av kommunestyret (TDV)	Det er god styring og kontroll på prosjekta
Ha god økonomikontroll (TDV)	Økonomien er under kontroll, men ein har gått på eit underskot som er definert under kapitel Økonomi, drift.
Digitalt eigedomskart DEK – kome à jour og vera det (ØPU)	85 % av arbeidet er ferdig. Resten er på plass våren 2008
EUREF89 – etablering av landsnett (ØPU)	Innført nytt landsnett
Auke ressurstilgangen, slik at oppgåvene kan løysast (ØPU)	Auka med 50 % stilling
Førebu delingsmodell i Ephorte (ØPO)	Er gjennomført
Rullere trafikksikringsplanen (ØPU)	Er ein i gang med - den er ferdig i første halvår 2008.
Innføre reinholdskulen	Starta i 2007 gi fullførast i 2008
Få på plass eiga organisering av kart- og oppmålingstenesta	Dette blei ikkje vedteke i formannskapet. Dei ynskte utgreiing av andre modellar.
Førebuing av nytt referansesystem for kart- og oppmåling, EUREF 87	Dette er i gang.

## KULTUR

### Tenester og oppgåver i eining for kultur.

- Kulturskule
- Bibliotek
- Lokalhistorisk arkiv
- Ungdomsklubbar
- Flyktningarbeid
- Tilrettelegging for lag
- Kunstformidling
- Tilskipingar
- Kulturårshjulet
- Spelemidlar/anleggsplan
- Kulturbasert næring
- Eldresenter
- Kultur generelt

### Bibliotek

Hovudbiblioteket ligg i Åmot, med filialar på Rauland og Edland.


### Kulturskulen

Det har vore 100 elevar fordelt over heile kommunen. Ein har gjeve tilbod til dei fleste innan musikk, dans, skriving og teikning har òg vore på planen

### Kulturhistorisk arki

er plassert på Raulandsakademiet. Det er oppe ein ettermiddag/kveld i veka.

### Netto driftsutgifter for kultursektoren pr. innbyggjar:





*Stappfullt Vinjehus under Litteraturdagane*

Vinje brukar meir på kulturtiltak enn gjennomsnittet i Telemark og i landet elles. Unnataket er satsinga på aktivitetstilbod for barn og unge, der driftsutgiftene er nær det halve av kommunar me samanliknar oss med.

**KOSTRA-tal**

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Telemark</i>	<i>Landet</i>
Netto driftsutgifter for kultur pr. innbyggjar	3126	2293	1689	1464
Korr. Brutto driftsutgifter kulturskule pr. brukar	9385	11673	12609	11694
Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskule pr. innb.	609	392	277	197
Kinobesøk pr. innbyggjar	0,3	0,7	2,0	2,3
Brutto investeringsutgifter kultur pr. innbyggjar	1397,8	1317,1	2013,5	591,9

*(Kostratal vedk. bibliotek - utlån og kostnad, kommunal kostnad av museum og div. kring kostnad og aktivitet innan idrott, var ikkje klare då årsmeldinga gjekk i trykken )*

**Mål for 2007**

**Måloppnåing 2007**

Markering av "Halldis Moren Vesaas 100 år" på ulike område	Litteratur-/kunstleir for ungdom og Halldis 100 års jubileum med Litteraturdagane, der Halldis og diktinga hennes var hovudtema, vart to vellukka arrangement som gjekk over fire dagar i september.
Avslutte prosjektet "kreativt oppvekstmiljø" (KOM) i samarbeid med Åmot skule	Det treårige prosjektet vart avslutta med profesjonell framsyning på Vinjehuset der alle elevane i 1 -7 klasse deltok med framsyninga "Vinje vegen vidare." som handla om korleis vil Vinje sjå ut i framtida.
Vidareføre den kulturelle skulesekken.	Fleire prosjekt i samarbeid med skule og barnehage er gjennomført.
Laurdagsope bibliotek	Ved omorganisering av ressursar og opningstider har ein klart å ha laurdagsope på hovudbiblioteket i Åmot.
Vinjehuset - få til ein levande vestibyle	4 utstillinga i Galleri Liti. Levande vestibyle er vidareført av konsertar v/kulturskulen quiz- og visekveldar. Nytt amfi i festsalen er på plass.
Fjell og temavandring i sommarhalvåret	Fjell- og tematurar blei gjennomførde i samarbeid med lag og organisasjonar, Statens Naturoppsyn og TT.

## VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

I kyrkjeadministrasjonen er det tilsett ny kyrkjevevjerje i 2007. Rauland har fått ny organist. Inntektene frå kommunen låg under forventa nivå, og medførte eit meirforbruk i driftsrekneskapen. På investeringssida har ein eit underforbruk på kr 209.309,-. Dette er ført over på disposisjonsfondet som nå er på kr 1.232.202,-. På grunn av den uoversiktlege mannskapssituasjonen i administrasjonen vart ein del av dei planlagde investeringane utsett. Dette vil ein prøve å taka inn i 2008 gjennom at ein nyttar ein god del av disposisjonsfondet.

Når det gjeld planarbeid har fellesrådet eit etterslep på investeringssida, som har bygd seg opp gjennom nokre år. Særskilt kan nemnast takvøling i Grunge kyrkje, ny inngang Vinje kyrkje, kyrkjegardsutvidingar og større vedlikehald, er utsett på grunn av sjukefråver og usikker mannskapssituasjon i administrasjonen. Etterslepet har ein tenkt å ta att ved at ein realiserar ein god del av disposisjonsfondet. Det er utarbeid ein vedlikehald og investeringsplan for 2008 til 2011.

### Utvalde Kostra-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Netto driftsutgifter per innbyggjar	755	824	524	455
Netto driftsutgifter til kyrkjeformål i % av samla netto driftsutgifter	1,6	1,9	1,5	1,4
Deltaking i gudstenester sun- og heilagdag pr. innbyggjar	1,4	1,5	1,1	1,2
Medlem av Dnk i prosent av antall innbyggere Enhet : %	86,9	91	81	84,3
Konsertar og kulturarrangement pr. 1.000 innbyggjarar	3,3	2,4	1,4	1,6

Tabellen syner god aktivitet i kyrkjene i kommunen. Samstundes er overføringane til kyrkjeleg fellesråd noko lågare enn i kommunar det er naturleg å samanlikne seg med.

### Mål for 2007

### Måloppnåing 2007

Utvendig måling Øyfjell kyrkje	Utført.
Ny parkeringsplass Vinje kyrkje	Utført.
Sikring av gravminne	Arbeidet er i gang.
Lynvernanlegg Øyfjell og Nesland kyrkjer	Utført
Oppslagstavler ved alle kyrkjene	Utført
Isolering av loft på Nesland kyrkje	Utført
Måling av himling Nesland kyrkje	Utført
Nye brannslukningsapparat (med skum) i alle kyrkjene	Utført